

ÅRSMØTE – VIKTIGE ENDRINGAR

Den 7. mars var det årsmøte i Norane Ungdomslag. Bra oppmøte med gode diskusjonar og vedtak. Nokre var av det lettare slaget, medan andre sat lengre inne.

Avgjersla om å avvikla bingoen frå slutten av juni var ikkje lett å ta. Det har spøkt lenge for denne. Med for låg oppslutnad og for lågt sal over tid, kombinert med at det vart svært vanskeleg for valnemnda å få tak i funksjonærar til å stille opp, så såg vi ingen annan utveg. Det er sjølv sagt trist etter så mange år.

Ein positiv nyhende er at det har lykkast NUL å få inn ei gruppe seniorar som har teke på seg å halda Nortun reint og fint. Her finn vi Gerd Marie Ahlin, Odny Ølmheim, Gerd Åsen, Solfrid Ylvisåker, Arlin Grepstad, Kari Margrete Fardal, og Gunn Haugen Else Sætre.

Laget set svært stor pris på denne hjelpen. Reinhaldaren vår slutta i fjor sommar og sidan har det vore so som so med å få dette gjort. No vert dette veldig mykke betre.

Rekneskapen gav om lag kr. 30,000 i underskot for 2023. Lågare leigeinntekter og for låge bingoinntekter, kombinert med framleis høge straumutgifter, er hovudårsaken til nok eit år med underskot.

Straumrekningane gjer store innhogg og utgjer omlag 20% av dei totale kostnadane, sjølv om vi får noko straumstøtte.

Sitjande styre gjenvart, med unnatak av Linn Marie Øyrehegen som gjekk ut. Valnemnda har ikkje lukkast med å finne erstattar til årsmøtet. Styret takkar avtropande tillitsvalde for innsatsen og ynskjer samstundes dei nye velkommen.

Les meir frå årsmeldinga som du finn på vår heimeside under menyen Nyhende. Sjå www.norane-ul.no

LEIGE AV NORTUN

Ynskjer du å leige Nortun? Send e-post til post@norane-ul.no så får du raskt svar og tilbod tilbake. Sjekk gjerne arrangement kalendaren på heimesida vår: www.norane-ul.no

SAMARBEIDSPARTNARAR

Vi vil nytta høve til å retta ein stor takk til næringsdrivande og gode støttespelarar som kvar einskild støttar laget. Vi set svært stor pris på dei bidraga vi har fått og får framover. Tusen takk alle og spesielt stor takk til våre hovedsponsorar i 2023:

Nortun Nytt

37. årgang Informasjonsskrift for Norane ungdomslag

Nummer 1/24

MEDLEMSKAP 2024

På årsmøtet vart kontingentsatsane frå 2023 vidareført. Vi håpar så mange som mogeleg fortset å støtte opp som laget og «huset i bygda».


Det betyr at det framleis berre kostar kr. 200 for medlemsskap per person, mens det for familiar kostar kr. 600. Som familie reknar ein foreldre med born.

Bruk vedlagte giro for betaling eller berre opprett ein betaling direkte i nettbanken din. Medlemskapet betalar du til vår **bankkonto 3781.14.14337** så snart du kan! **Hugs å skriv namna på dei du betalar for.**
Du kan og nytta Vipps. Send beløp med namn til #110536 Norane Ungdomslag.

Minnar om at dei som har vore medlem i 3 samanhengande år, får 50& rabatt på leige av Nortun. Rabatten gjeld kun for private leigetakrar og for lukka arrangement. Straum, vask og andre avtala ekstrakostnader inngår ikkje i rabattgrunnlaget.

PÅSKEPUB ONSDAG 27. MARS

Pubkveldane har vore ein suksess med godt oppmøte i Nortun, og no er det straks tid for å samlast til ein ny tradisjonell



PÅSKEPUB MED QUIZ

Onsdag 27. juni er det berre å ta turen. Med skjenkeløyve på plass vil det bli høve til å få kjøpt drikke av ulike slag. Musikkanlegget er rigga og dørene opnar kl. 20:00. Avsluttar kl. 01:00. Arrangementet har 18 års aldersgrense.

Velkommen skal du vera!

RØDE KORS SENIORKAFE

Det har vore stor oppslutnad rundt Røde Kors Sogndal sine **SENIORKAFE** stundar som har vore no i vinter. Ein gong i månaden samlast sambygdingar og andre som ynskjer å delta, til ei sosial stund i Nortun. Flott tiltak og sist var det om lag 50 som møtte, og det er framleis plass til fleire. Sjå i kalenderen på heimesida www.norane-ul.no for info om når neste arrangement er.

SYSLATREFF

I regi av NUL har det kome i gang eit nytt tilbod kalla **SYSLATREFF**. Her møter ein for å prata og ha det kjekt saman. Ein kan ta med handarbeid eller andre sysler ein måtte ha, men må ikkje. Her kan du koma om du berre vil treffe folk og skravla litt. Neste arrangement kjem snart. Sjekk heimesida vår for meir info. Velkommen skal du vera!